



--

Arkiv saknr:	2017/814
Løpenr.:	23669/2017
Arkivkode:	L12

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Ida Larsen Reinsviki

Detaljregulering 153/1 - Grautlethaugen veg og parkering - mindre endring

Dokument i saka:

Detaljregulering 153/1 Grautlethaugen veg og parkering – Mindre endring – høyringsbrev
Merknader:

- Renovest IKS 15.09.17
- Egil Irgens Høeg 25.09.17
- Statens vegvesen 05.10.17

Bakgrunn:

Detaljregulering for 153/1 Grautlethaugen veg og parkering vart vedteken i kommunestyret 11.06.2009. Planadministrasjonen gjer framlegg om ein mindre endring av planen slik at arealet som er sett av til renovasjon i gjeldande plan blir om lag dobbelt så stort, med plass til om lag 8 containrar.

Dette er ein mellombels løysing for å avhjelpe situasjonen i området. Renovest IKS ynskjer å ha færre og større returpunkt i staden for mange små. I samband med rullering av kommunedelplan Rukkemo/Torvetjønn vil ein leite etter laglege stadar for ei god, varig løysing.

Framlegg til mindre endring av detaljreguleringsplanen har vore ute på høyring, med frist for innspel 11.10.17. Det har kome inn 3 merknader:

Renovest IKS

Det er viktig at arealet som blir sett av støttar kravet dei har sett, jf. vedlegg 1 som synar containerreturpunkt. Vedlegg 1 er eit minimum areal. I tillegg kjem areal for snøoppplag i samband med brøyting av returpunkt.

Egil Irgens Høeg

Mellombelse løysingar blir ofte langvarige. Det er ikkje informert om kor lenge det skal vere slik. Då noverande containerplass vart varsla, blei det protestert på plasseringa på grunn av støy for dei som har hytte ved p-plassen og trafikken.

Merknaden går på trafikktryggleik, då flytting av containerplassen ikkje ser ut til å vere aktuelt. Det er stadig nestenulykker i området. Bilane har stor fart forbi området og det er ofte glatt. Avkøyringa kjem brått på for dei som kjem frå skisenteret. Det er òg ofte mjuke trafikantar på vegen. Kvar vinter er det fleire bilar som køyrer ut i svingen på oversida av avkøyringa eller får ein kraftig oppbremsing fordi bilar skal inn til containerplassen for å kaste søppel. Det er ein merkbar støre trafikkrisiko etter at containerplassen vart etablert.

Det bes om at fartsgrensa i området reduserast til 50 km/t og at det vurderast om vegen inn til containerplassen flyttast på nedsida (mot Austbø), slik at vegstrekka blir meir open frå begge retningar.


Brøyting er ikkje alltid god nok, då det kan vere vanskeleg å kome over brøytekanten frå hovudvegen. Plassen er uheldig med tanke på trafikken. Ved ei utviding må trafikktryggleiken vurderast nøye og tiltak må gjerast.

Statens vegvesen

Vegvesenet forutset at nytt areal til renovasjon og åtkomst til dette vert innanfor innteikna areal teikna med raudt.

Vurdering:

Det er sett av areal som støttar kravet til containerreturpunkt. Arealet er ein mellombels løysing. Renovest IKS ynskjer færre og større returpunkt, i staden for mange små. I samband med at det er starta opp rullering av kommunedelplan for Rukkemo/Torvetjønn, vil ein sjå etter nye laglege stadar for ei god, varig løysing.



Rådmannens framlegg til vedtak:

Mindre endring av detaljregulering 153/1 – Grautlethaugen veg og parkering vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12 – 14, 2. ledd.

Rådmannen, 04.01.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/